



Vestland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/257 - 22/57338

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
18.07.2022

Svar på førespurnad om utsett frist for uttale - gbnr 84/4 Kvalvågneset

Syner til førespurnad om utsett frist for uttale i sak 22/257.

Tidsfrist for statlege og regionale myndigheites uttalefrist i plan- og byggesaker er satt til 4 veker. I SAK10 § 7-5 kjem det fram at kommunen har moglegheit til å forlenge fristen for andre myndigheites i særlege tilfeller. Vi vil presisere at ferieavvikling ikkje fell inn under særlege tilfelle som gjev grunnlag for utsettelse.

Derimot må kommunen i alle tilfelle sjå til om saka er tilstrekkeleg opplyst jf. forvaltningslova § 17. I det tilfelle det ligg føre uttale frå regional mynde før kommunen fattar vedtak i saka, skal denne likevel takast omsyn til om det ikkje forsinkar saksgangen.

Søknaden var komplett 03.07.2022 og sendt på uttale 05.07.2022. Kommunen sin frist for handsaming er 12 veker frå søknad var komplett, samt ytterlegare 4 veker for den tida saka er på uttale. Kommunen sin formelle frist kan dermed strekke seg til 23.10.2022 dersom saka ligg til uttale i 4 veker.

Kommunen legg til grunn at uttale frå regional mynde er komen inn innan denne sakshandsamingsfristen.

Med venleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Mottakarar:

Vestland Fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN